

Fra: Tonje Husum Aarland (tonje.husum.aarland@nordhordland.net)

Sendt: 22.09.2016 17:20:35

Til: Karen Louise Nybø

Kopi: Laila Bjørge

Emne: Hovedprosjekt - Jordmassar frå problem til ressurs - ta vare på matjorda

Vedlegg: Invitasjon med program - Seminar 27. september.pdf;Jordmassar_19_09_2016_spread.pdf;Deltakarliste - seminar 27. september - Lyngheisenteret.docx

Hei

No nærmar prosjektet «Jordmassar frå problem til ressurs – ta vare på matjorda» seg ferdig!

Tysdag 27. september arrangerer prosjektgruppa eit seminar for kommunal forvalting i regionen om massehandtering, som er siste tiltak i prosjektet. Her vert rettleiaren vår presentert, som har vore eit viktig og stort arbeid i prosjektet. I den har vi samla ei oversikt over korleis ein kan handsame massar frå utbygging som ressurs for landbruk og samfunn på ein god måte for innbyggjarar og miljø.

Snorre Waage har allereie meldt seg på, men det er ledig dersom du har moglegheit til å komme også. Vedlagt er invitasjon med program.

Vedlagt er også rettleiaren, som vert delt ut på seminaret i opptrykka format.

Elles håper eg vi kan ta ein prat etter seminaret om sluttrapporten og om søknad om vidareføring av prosjektet.

Venleg helsing

Tonje

Tonje Husum Aarland | Rådgjevar | Nordhordland Utviklingsselskap IKS | Region Nordhordland

Mobil +47 92 85 84 13 | www.regionnordhordland.no